

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Strandvik

Emne: Julenissen.

Bygdelag: Revnestrand

Oppskr. av: Kari Haga

Gard: Haga

(adresse): Baldersheim

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Julenissen.

Julenisse som gjev jolegavor er ut på fönster som er korne til i det seinste, hogdi 20-30 år sidan. Skikken kom til bygdi her frå byen, som so mangt anna uvettigt. Fyrst vart det vis i sume arbeidat heimar, so kom det til joletrifesten for borni og.

2. Det er mest berre til borni han kjem med gavor. Summe stader skal borni gje julenissen ein kyss til takk for gävone.

3. Summe stader er det faren som kler seg ut, andre liker gjerne ein halvaksen gut til å agera nisse. På joletrifestar har ein sett at nissen helst krydlar seg ihop, går böygd og gjer seg liten.

4. Nissen har maska og gjerne med langt kvitt sjegg, og rauu kappulua. So har dei gjerne vrengt ein frakke eller kåpa so foret smur ut og bunde eit rautt skjerf om livet. Sjøstøvlar og selbuvoftar. Og so sekk på ryggen.

2

5. Sovitt ein kjemur til er det berre maskene dei kjøper, det andre finn ein ikkje sjølv.

6. Jolebukkene har alltid masker på seg.

7. Her er visi at jolebukkene skal få jolegadder, og har prosar med seg til å samla i. Det er nyttårsafta ungane går jolebukk tur.

8. Horvitt ein no set denne "gävemissen" i samband med "tuftakaddn", "garsbonden" som skulle ha greut, vit ein ikkje å sei. Det er lite trulegt, so ulikt som dei to "opfører" seg. "Den gamle" skulle gjevar, og denne nye gjer. Desutan var "den gamle" aldri eller sjeldan syuberr. Men den nye er både til å sjå og ta på.

9. Dette som tur er ment har ein ikkje høyrte om her.

5406

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING